

Opp til elleve meter høge hytter

Eit nyetablert Nissedal-selskap engasjerte tre arkitektfirma med Snøhetta i spissen for å finne hytteløysingar folk vil oppleve som nyskapande og spennande. Og så skal feltet ha skibakke og skiløype.

VTB Geir Ufs

geir.ufs@vtb.no

– Me diskuterte; skal me byggje hytter på vanleg måte, eller dra til med noko skikkeleg bra slik at me blir lagt merke til.

Orda kjem frå Jan Aarak. Han er ein av fleire nissedølar som er engasjert i det nye hyttefeltet Svivkollen på Naurak, nokre kilometer frå Treungen mot Fjone.

Samarbeidet om å satse i hytte-marknaden starta i 2014. Henriette Nordbø Aarak og Ragnar Aarak hadde kjøpt eit småbruk på Naurak. På ein del av eigedomen var det alt frådelt eit område som i kommunenplanen er definert som hyttefelt. Seljar av småbruket skulle ha tre millionar kroner for dette feltet.

Nokre nissedølar etablerte Svivkollen hyttefelt AS, eit eigedoms- og utviklingsselskap med aksjekapital på tre millionar kroner og som kjøpte feltet. Ragnar og faren Jan Aarak eig kvar 25 prosent av aksjane. Resten tilhører selskapet WP. Eigarane der er Carl Erik Winther Larsen og kona Anny Solveig samt dottera Lene og sambuaren Geir Pettersbakken.

Skilje seg ut

– Me kom på ideen om å høyre med Snøhetta om dei ville lage ein hytteplan, og finne bygg som passa for terrenget, seier Jan Aarak.

Også Planhuset i Drangedal og Dronninga landskap, som tidlegare Snøhetta-arkitekt og fyresdøl Ragnhild Momrak har etablert, blei med på planlegginga.

– Kva blei kostnaden for dette arbeidet?

– Me har dratt til, men det kostar å regulere felt uansett. Me håpar å få att for kostnaden seinare, og det trur me. Dei tre har tilført ting me ikkje har kome på, er det Jan vil svare på kostnads-spørsmålet.

I planleggingsprosessen har det vore felles arbeidsmøte der både eigarane av nissedalselskapet og arkitektane har vore opptekne av å ta vare på terrenget ved utbygging. Tre hyttetyper er tenkt å ligge i feltet med 60 fritidsbustader. Hyttene i flatare terrengr skal ha vanleg byggjestil,

medan 20 hytter i temmeleg bratt terrengr kan ein nok seie får ein revolusjonerande utsjånd, i alle fall sett i Nissedal-samanhang og kanskje i heile Telemark. Bygga skal stort sett fylge terrenget med minimalt inngrep i naturen. Hyttene kan bli ståande på palar eller store stein, og kan bli opptil 11 meter høge. I underetasjen er det høve til å ha garasje, medan det på ei maksimal byggjeflate på 84 kvadratmeter er høve til å ha 2,5 etasjer.

– Desse hyttene vil ruve veldig?

– Det er der arkitektane meiner ein kan plassere dei på ein skikkelig måte, svarar Jan.

– Hyttene vil ikkje ruve så mykje i og med at det er så bratt, legg Pettersbakken til.

– Me skal prøve å skilje oss litt, seier Ragnar om hytteplanen

Spente

I Svivkollen hyttefelt skal det også kome ein opptil 300 meter lang skibakke, eller kanskje rettare sagt skileikanlegg. Bakken

skal ha tautrekk, slik det er i nærmiljøanlegget Jan har vore med og drive i Nordbygda i Nissedal i mange år.


Vidare i planen ligg det inne badeplass og 120 båtplassar ved Nisser. Då er det kapasitet også for andre hyttefelt på Naurak. Grunneigar Ragnar har alt fått fleire førespurnader frå hytteeigarar om båtplass.

Eit anna innslag er å ha tursti som også kan vere skiløype. Tanken er å samarbeide med andre hyttefelteigarar i området om eit løpenett.

Svivkollen hyttefelt AS skal no forhandle med kommunen med tanke på å få på plass vass- og kloakkloysing, og få til avtale med e-verket om straum. Planen vidare er start på infrastrukturarbeidet til våren og føre opp hytter for visning og sal.

– Det er lettare å selje hytter som er bygde, seier dei ne, kjem det frå Jan.

– Me er spente på om me får den marknadseffekten me har



Fantaset om etter å ha brukt Snøhetta, Dronninga landskap og Planhuset, avsluttar han.



Utsikt: Arkitektane for Svivkollen hyttefelt legg vekt på at brukarane av fritidsbustadene skal ha utsikt. (Arkitektteikning)



Bratt terrengr: Hyttene til høgre blir liggjande i bratt terrengr med minst mogleg inngrep i naturen. Skissa til arkitektane har med grøne området i feltet.

Politikarane sa ja etter orientering

I sist kommunestyremøte fekk Snøhetta, Dronninga landskap og Planhuset høve til å presentere planen for Svivkollen hyttefelt. Politikarane blei orienterte om at det blir satsa på å ha grøne korridorar i feltet, og ein skal bevare naturen mellom bygningane. Vidare skal

alle i feltet få utsikt og oppleve lys.

– Det skal vere minst mogleg graving, og hyttene skal helst stå på palar. Me ynskjer å lage noko nytt som tek vare på historia og fører tradisjonen vidare. Tør de å bli med, spurde Marianne Sætre i Snøhetta.

Plansjef Sveinung Seljås i Nisse-

dal kommune fekk høve til å kommentere mellom anna forslaget om dei høge hyttene, som han ikkje er overbegeistra for.

– Er dette i samsvar med tradisjonell byggjeskikk? Eg er litt bob, bob der, sa han.

– Det er veldig positivt at de

tenkjer å bevare terrenget. Men eg kan ikkje sjå at alle får mindre utsikt om hyttene blir to meter lågare, fortsette plansjefen.

– Me må ta innover oss at dette kan skape presedens, sa ordførar Halvor Homme (Ap) om hyttehøgdena, før han banka for gruppemøte.

Tilbake i kommunestyresalen varsla ordføraren eit omforeint forslag; politikarane «prutar» maks hyttehøgde med éin meter i forhold til ynsket frå arkitektane. Dermed blei reguleringsplanen som omfattar 230 dekar i Svivkollen hyttefelt godkjent.



Anneleis hytter: Jan Aarak (t.v.), Geir Pettersbakken, Carl Erik Winther Larsen og Ragnar Aarak i hyttefeltområdet. Dei er spente på om høge hytter i spesiell stil vil slå til i marknaden.

Start helga med VTB - på fredag

Beina på bordet
• Taco • Smågodt • Senke
skuldrene • Familiefrukost
• Hytta • Tippekamp • God tid •
Løyse kryssord • Fyre i omnene • Ro
• **Lesa VTB** • Dagstur • Tenne lys
• Fjelltur • Kafébesøk • Senkveld
• Gullrekka • Stresslessen • Utetid •
Avslapping • Besøk • Tom timeplan •
Strikketøyet • **Lesa VTB** •
Kakao med krem •
Sove lenge

Frå 1. november
kjem me ut **tysdag** og **fredag**

VTB